



## NOREGS HØGSTERETT

Den 4. februar 2011 vart det av Høgsteretts ankeutval bestående av dommarane Utgård, Stabel og Matheson i

### **HR-2011-00269-U, (sak nr. 2010/2076), sivil sak, anke over orskurd:**

Howard Brownman (advokat Rune Valaker)

mot

Inter-Research (advokat Fredrik Gisholt)

sagt slik

### O R S K U R D:

- (1) Saka gjeld kravsmål om utlegg. Spørsmålet er om det er høve til å gjere gjeldande ei motrekningsmotsegn bygd på eit omtvista krav som det ikkje høyrer under norske domstolar å seie dom om.
- (2) Howard Brownman reiste i november 2007 søksmål mot Inter-Research v/ Otto Kinne med krav om skadebot. Søksmålet vart reist ved Nordhordland tingrett, som ved orskurd 11. juli 2008 avviste søksmålet under tilvising til at det høyrde under tyske domstolar, jf. Luganokovensjonen 1988 artikkel 2 og artikkel 5 nr. 1, jf. også tvistemålslova § 25. Brownman anka til Gulatings lagmannsrett, som forkasta anken ved orskurd 28. august 2008, og vidare til Høgsteretts ankeutval, som forkasta anken ved orskurd 22. desember 2008 (HR-2008-2198-U). For alle rettane vart Brownman pålagd sakskostnader overfor Inter-Research, til saman 112 500 kroner.
- (3) Inter-Research sette 5. februar 2009 fram kravsmål om utlegg for sakskostnadskravet med tillegg av renter og kostnader. Brownman gjorde gjeldande at kravet allereie var gjort opp ved at han 5. januar 2009 hadde erklært motrekning med det skadebotkravet som låg til grunn for søksmålet som var avvist frå norske domstolar.
- (4) Namsmannen tok utleggskravsmålet til følgje. Brownman klaga til Nordhordland tingrett, som 17. juni 2009 sa orskurd med slik slutning:

**”1. Namsmannens utleggsforretning stadfestes.**

**2. Howard Brownman betaler til Inter-Research innen 2 – to – uker fra forkynnelse av**

**kjennelsen, sakskostnader for tingretten med 15.000,- - femtentusen – kroner med tillegg av merverdiavgift, og rente fra forfall til betaling skjer jf Forsinkelsesrentelovens § 3 første avsnitt første alternativ.”**

- (5) Brownman anka til Gulatings lagmannsrett, som 2. november 2010 sa orskurd med slik slutning:
- ”1. Anken vert vraka.
  2. I sakskostnader for lagmannsretten betaler Howard Brownman kroner 10.000 – titusen – til Inter-Research innan 2 – to – veker frå tilseiling av orskurden.”
- (6) Det var dissens 2-1 i lagmannsretten. Ein av dommarane kom til at Brownman ikkje var avskoren frå å gjere gjeldande som motsegn at sakskostnadskravet var gjort opp ved motrekning.
- (7) *Howard Brownman* har anka til Høyesterett. Anken gjeld lovbruken og saksbehandlinga. Det er i korte trekk halde fram:
- (8) Motkravet vart fremja før sakskostnadsspørsmålet var endeleg avgjort ved orskurden frå Högsterett i 2008, jf. at det i stemninga frå november 2007 vart kravd skadebot med over 2 millionar kroner.
- (9) Avgrensinga i tvangsfyllføringslova § 4-2 kjem ikkje til bruk, ettersom det ikkje var høve til å motrekne med sakskostnadskravet før dette var endeleg fastsett ved orskurden frå ankeutvalet, jf. Rt. 1994 side 116. Heller ikkje avgrensinga i tvangsfyllføringslova § 4-3 kjem til bruk, ettersom motrekning vart erklært før tvangsfyllføring vart kravd.
- (10) Dette inneber at namsstyresmakta skulle behandla motrekninga som ei innvending mot tvangsfyllføringa, og ved ei kontradiktorisk behandling teke stilling til om Brownman har eit motkrav.
- (11) Tingretten og fleirtalet i lagmannsretten synest feilaktig å leggje til grunn at motrekning i samband med tvangsfyllføringa berre kan skje dersom motkravet er vedgått eller rettskraftig avgjort. Grunngivinga for dette er svært uklar. Det er også lagt til grunn at motkravet ikkje er forfalle, men dette byggjer på feil forståing av motrekningsreglane. Motkravet forfall då Brownman fremja det mot Inter-Research.
- (12) At Brownmans søksmål er avvist frå norske domstolar, har ikkje noko å seie. Det kan etter norsk rett ikkje krevjast at det kravet som blir nytta til motrekning, må ha verneting ved den rettskrinsen der tvangsfyllføringa skjer.
- (13) Når det gjeld saksbehandlinga, er det svært uklart kva retten siktar til når det blir sagt at motkravet er uklart. Sjølv om kravet skulle vere uklart, må retten prøve kravet, noko som ikkje er gjort her.
- (14) Det er sett fram slik påstand:

**”Prinsipalt;**  
**Tingrettens og lagmannsrettens kjennelse oppheves og saken henvises til fortsatt behandling i tingretten.”**

**Subsidiært;**  
**Namsmannen i Os sin beslutning i sak T2009-024236 av 2. april 2009 oppheves.**

**I begge tilfeller;**  
**Howard Browmann tilkjennes sakens omkostninger for tingrett, lagmannsrett og Høyesterett, for Høyesterett settes kostnadene til kr. 6.250,-.”**

- (15) *Inter-Research* har i korte trekk halde fram:
- (16) Det er ikkje rett, slik det er gjort gjeldande i anken, at partane i hovudtrekk er einige om faktum. Mellom anna er det usemje om kva som var grunnlaget for det opphavlege kravet som Brownman sette fram mot *Inter-Research*.
- (17) Det er på det reine at eit uklart og omstridd motkrav i utgangspunktet likevel kan nyttast til motrekning, og dette er også lagt til grunn av lagmannsretten. Det avgjerande er likevel om dei alminnelege vilkåra for motrekning er oppfylte, og om det i dette tilfellet må gjerast unntak frå regelen om at det også kan motrekna med omtvista krav.
- (18) Det blir ikkje godteke at det er noko motkrav. Det ligg ikkje føre verken dom, orskurd, avtale eller anna rettsstiftande grunnlag, og motparten må då gjere sannsynleg at det ligg føre eit krav. Dette må avgjerast etter tysk materiell rett. At eit eventuelt motkrav er så uklart, er under alle omstende tilstrekkeleg til å avskjere motrekning.
- (19) Også omsynet til kva som er ei rimeleg løysing, kan få innverknad på høvet til motrekning. Ved å tillate motrekning, må domstolane ta prejudisiell stilling til eit krav som Högsterett har avgjort at ikkje kan prøvast i Noreg. Ved å tillate motrekning vil dessutan søksmålsbyrda bli overført til ankemotparten, noko som openert ikkje vil vere heldig.
- (20) I alle tilfelle er motrekningsretten avskoren fordi motkravet ikkje er forfalle. Mellom anna har Brownman ikkje reist noka sak i Tyskland.
- (21) Saksbehandlingsanken kan ikkje føre fram. Det er ikkje grunnlag for synsmåten frå motparten om at grunngivinga til lagmannsretten er uklar.
- (22) Det blir sett fram slik påstand:

**”Prinsipalt:**  
**Anken forkastes.**

**Subsidiært:**  
**Lagmannsrettens kjennelse stadfestes.**

**I begge tilfelle:**  
**I sakskostnader for Høyesterett betaler Howard Brownman til Inter-Research 49 500 – førtinitusenfemhundre – kroner.”**

- (23) *Högsteretts ankeutval* viser til at det er tale om ein vidare anke, og at kompetansen for utvalet då er avgrensa til å gjelde lovtolking og saksbehandling hos lagmannsretten, jf. tvangfullføringslova § 2-12, jf. tvistelova § 30-6.
- (24) Fleirtalet i lagmannsretten har drøfta både tilhøvet til dei alminnelege motrekningsreglane og til Luganokonvensjonen. I det sentrale avsnittet i grunngivinga heiter det:

**”Tingretten har, i likhet med namsmannen, lagt til grunn at motkravet ikke er forfalt, noe flertallet er enig i. Det vises da til at motkravet har tilknytning til en arbeidsrettssak som er avvist fra norske domstoler i medhold av Luganokonvensjonen, og der ankende part krever erstatning for usaklig oppsigelse/avskjed. Kravet bestrides av ankemotparten, samtidig som norske domstoler ikke kan**

**prøve dette.** Norske domstoler er med andre ord avskåret fra å prøve både om ankende part har et slike krav mot ankemotparten og om det i så fall er forfalt. Som påpekt av tingretten må dette erstatningskravet vurderes etter tysk rett, uten at det er nærmere opplysningar om hva den går ut på. Etter flertallets syn har lagmannsretten heller ikke tilstrekkelig grunnlag for prejudisielt å ta stilling til dette kravet. Dersom ankende part likevel skal gis adgang til å motregne, vil det i realiteten innebære at det omstridte kravet legges til grunn uten videre, noe som etter flertallets syn vil innebære en omgåelse av reglene i Luganokonvensjonen, og de hensyn som ligger bak denne.”

- (25) Utvalet ser først på forståinga av Luganokonvensjonen i fleirtalsgrunngivinga. Tolkinga av konvensjonen er lovtolking etter tvistelova § 30-6, også der det er tale om løysingar som byggjer på føresetnader og omsyn bak reglane, jf. Schei m.fl, *Tvisteloven* (2007) side 1362-1363.
- (26) I dei siterte grunnane er det sagt at det vil vere ”en omgåelse av reglene i Luganokonvensjonen, og de hensyn som ligger bak denne” om det skulle vere høve til å motrekne med eit krav som ikkje kunne klarleggjast nærrare.
- (27) Utvalet minner om at saka starta med eit krav om skadebot frå Brownman mot Inter-Research. Dette kravet kunne ut frå føresegndene i Luganokonvensjonen ikkje fremjast i Noreg. Sakskostnadene vart pålagde i tvisten om fremjingsspørsmålet. Det er altså tale om krav på sakskostnader og motkrav bygd på skadebotkravet i den første saka. Med andre ord er det dei same krava som i den saka som ut frå Luganokonvensjonen ikkje kunne fremjast i Noreg, med den endring at det kan seiast at krava har fått ein annan posisjon i høve til einannan.
- (28) Det er etter Luganokonvensjonen ikkje generelt noko til hinder for at eit motkrav, som det ikkje kan reisast søksmål om i Noreg, kan gjerast gjeldande til motrekning her i riket, jf. Rognlien, *Luganokonvensjonen* (1993) side 162. Pålsson legg det same til grunn i boka *Luganokonvensjonen* (1992) side 115, og dette standpunktet er oppretthalde i boka *Bryssel I-förordningen* jämte *Bryssel- og Luganokonventionerna* (2008), som mellom anna omhandlar Luganokonvensjonen av 2007, sjå boka side 156. EF-domstolen la i 1995 i sak C-341/93 Danværn til grunn at artikkel 6 nr. 3 i Brüsselkonvensjonen – som var ein parallelkonvensjon til Luganokonvensjonen – ikkje omfatta tilfelle der eit krav vart gjort gjeldande ved motrekning utan at det vart kravd sjølvstendig dom for kravet.
- (29) Saka no gjeld likevel ein spesiell situasjon. Inter-Research har eit krav på sakskostnader knytt til tvist om kvar sak for hovudkravet må reisast. Og det er rettskraftig avgjort at hovudkravet må avgjera i Tyskland. Det vil vere best i samsvar med rettsordninga og med det som må reknast å vere føremålet med vernetingsreglane i konvensjonane om det i denne situasjonen – der krava gjeld same søksmålet – ikkje er høve til å motrekne. Samanhengen med det tidlegare søksmålet kjem såleis her inn.
- (30) Utvalet legg etter dette til grunn at Luganokonvensjonen stengjer for motrekning utan omsyn til kva som ville følgje av retten til motrekning etter alminnelege motrekningsreglar. Dette er ei løysing som avvik noko frå den grunngivinga fleirtalet i lagmannsretten hadde.
- (31) Lagmannsrettens avgjerd er såleis bygd på feil tolking av Luganokonvensjonen. Då det med rett lovtolking, og bygd på det faktum lagmannsretten har lagt til grunn, berre er eitt mogeleg resultat, har ankeutvalet grunnlag for å ta ny avgjerd. I dette tilfellet blir resultatet forkasting av anken, men slik at den nye avgjerdet byggjer på ei anna lovforståing enn den lagmannsretten bygde på.
- (32) Det er då ikkje nødvendig for utvalet å ta stilling til det som elles er gjort gjeldande i anken.

- (33) Anken har ikkje ført fram, og ankemotparten må tilkjennast sakskostnader etter hovudregelen i tvistelova § 20-2 første ledd. Det er kravd sakskostnader med 49 500 kroner medrekna meirverdiavgift. Utvalet set nødvendige sakskostnader til 20 000 kroner medrekna meirverdiavgift.
- (34) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G :

1. Anken blir forkasta.
2. I sakskostnader for Högsterett betaler Howard Brownman til Inter-Research 20 000 - tjuetusen - kroner innan 2 - to - veker frå forkynninga av denne orskurden.

Ingse Stabel  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Wilhelm Matheson  
(sign.)

Rett utskrift: